



Statens vegvesen, Region Vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Referanser:
Dykkar: Vidar Nottveit
Vår: 14/1277 - 14/18593

Saksbehandlar:
Anne-Lise Næs Olsen
anne.lise.olsen@meland.kommune.no

Dato:
26.11.2014

Tilbakemelding på førespurnad om omlegging av veg

Me viser til Dykkar e-post av 18.11.2014.

De skriv at dagens veg fra Sudmann og inn på Hjelten bru, ikkje i tilstrekkelig grad er ivareteke i reguleringsplan. De har difor sett på ei ny løysing saman med grunneigar, og ynskjer kommunen sitt syn på saka.

Me har vurdert omlegginga av vegen som De ynskjer. De har planlagt ei betre avkøyring ved Hjelten bru, samt ei ny vegutløysing for eigedom 1/210. Kommunen ser behovet for dette.

Omlegginga vil ta noko meir jordbruksland, og dette er dyrka mark. Ny veg vil likevel i stor grad fylgje ytterkant av dyrka mark.

Omlegginga vil elles føre til at eigedom 1/210 får ei betre vegutløysing og slepp å køyre gjennom gardstunet til eigedom 1/1. Dette er også særst positivt for drifta av denne garden.

Etter samla vurdering så er kommunen positiv til Dykkar forslag til endra og ny vegutløysing. Ein lyt likevel leggje ny veg så skånsamt som ein kan i terrenget for å ta minst mogeleg dyrka mark, og dersom ein kan, bør stikkvegen til eigedom 1/210 trekkjast litt lenger sør.

Tiltaket vil vere omfatta av reguleringsplan E39 over Flatøy, med planID 125620110007, samt reguleringsplan Flatøy Vest, med planID 125619890001.

Det lyt ved søknad om tiltaket, også søkjast om mindre endring av desse reguleringsplanane.

Ta kontakt ved spørsmål.

Med helsing

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Anne-Lise Næs Olsen
plankonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Statens vegvesen Region vest	Askedalen 4	6863	LEIKANGER
Laila Bjørge			
Jens Erik Dahl			

Mottakere:

Statens vegvesen, Region Vest	Askedalen 4	6863	LEIKANGER
-------------------------------	-------------	------	-----------